



Om opptaket til studiet ved BAS: Master i arkitektur

Alle som har generell studiekompetanse kan vurderast for inntak. Dvs. at ein tilfredsstillar krava til immatrikulering ved UiB. Dette må du sjølv dokumentera når du søker skulen, hugs at det finst fleire vegar til generell studiekompetanse, kontakt BAS om du er i tvil.

Føresetnad nr. 1 er likevel det personlege engasjementet til søkeren. – **“Eg vil studera til arkitekt ved Bergen Arkitektskole”** må koma i brev, som må vera underskrive personleg. I dette brevet klargjer du din motivasjon for å bli arkitekt, og kvifor du ynskjer å studere ved BAS. I tillegg ber du om å få tilsendt søknadsskjemaet.

Neste trinn vert då å sende inn søknaden.

Søknaden må vera sendt skulen innan 15. april. Her presenterer ein sin bakgrunn og interesser. Interesse for arkitektur og samfunn må vera underbygd med bygningspraksis og samfunnspraksis, og erfaring frå kunstpraksis. Likeeins erfaringskunnskap om sin eigen og andre kulturar.

På grunnlag av søknadsskjemaet vert ein eventuelt kalla inn til **samtale med opptaksnemnda** (to lærarar og ein student. Inntaket vert her avgjort. Mellom likestilte kandidatar vert motivasjon og underbygginga av denne det avgjerande. Det er å anbefale at ein tek med portofolio som syner tidlegare arbeid ein har gjort til samtalen.

Talet på nye studentar vert avgjort i høve til den nye klassen sin samansetjing, og blir fastsett ved opptaket. Vanleg i 1. år er 30 studentar. Studieavgifta for arkitektstudiet er p.t kr. 11.470,- pr. semester - pr. år kr. 22.940,-. I tillegg kjem SiB-avgift og Kopinor-avgift.

Bergen Arkitekt Skole oppmoder alle dei som ynskjer å studere ved skulen, til å besøke han og slik få eit bilete av han før ein eventuelt byrjar på studiet.

Den fullstendige studieplanen (kr.50,-+porto) kan ein få kjøpt ved å kontakta skulen. Evt. få den fritt tilsendt per e-post. Der er og ynskjeleg at ein les boka BAS-alternativet før ein søker seg til skulen. Den kan kjøpast her, og kostar 400,- + porto.

Soleis kan ein samanfatte krava for å verte teken opp ved BAS:

1. Generell studiekompetanse eller tilsvarande
2. Personleg engasjement og motivasjon synleggjort gjennom brev til skulen.
3. Søkje om opptak på søknadsskjema innan 15. april.
4. Betale studieavgifta

Adresse:

Bergen Arkitektskole
P.B. 39
5841 BERGEN

Telefon: 5536 3880 **Telefaks:** 5536 3881

E-post:

adm@bergenarkitektskole.no

Internett. www.bergenarkitektskole.no / www.sobas.no

Arkitektstudiet ved BAS er samansett av 4 fagområder:

1. Arkitektur, prosjektering og planlegging.
2. Teknologi, teknikk og administrasjon.
3. Frie kunstfag og uttrykk
4. Kompletterande teoretiske fag

Alle faga blir studert parallelt og vert i stor grad integrert i dei einskilde oppgåvene, seminar og førelesningar.

Studiet er dessutan basert på at studentane lærer av kvarandre og at studenten sjølv tek ansvar for sitt eige studium.

Dei teoretiske faga er utvikla i samarbeid med Universitetet i Bergen, og eksamen blir helde der i nokre av faga. Følgjande fag kan ein studere ved UiB:

Examen Philosophicum, Sosialantropologi (småfag), Arkeologi (grunnfag), Filosofisk estetikk (delfag – grunnfag), Klimatologi (småfag), Landskapsøkologi (småfag), Geologi (småfag).

Til dette kjem også Bygningshistorie og Arkitekturhistorie kor eksamen vert helde av BAS.

PROGRAM

BAS ynskjer ei anna tilnærming til arkitektur. Personleg ansvar må utviklast i høve til morgondagens situasjon. Studentane blir oppfordra til ikkje å bruke standardløysningar eller tekniske framgangsmåtar når dei skal ta fatt på studiet og dei konkrete oppgåvene.

Bygningen skal meir vere for mennesket og for dei menneskelege behov, enn eit konstruktivt objekt. Den einskilde studenten øver seg i å bruke hennar/hans eigne individuelle ressursar i møte med oppgåvene.

Arkitektonisk meining står i høve til kulturell identitet. Arbeidet til arkitekten er avhengig av kulturell forståing, lokal historie og forhold, og personleg inneleving.

Bygningshistorien skal vere ein inspirasjon til løysingar for vår tid.

Kunstnerisk tilnærming er avgjerande for å skape personleg ansvar gjennom sitt eige uttrykk. Å skapa og å byggja er eit mål, likeeins ein måte å øve og tenke på.

Å vere og arbeide i felten er ein metode og ein føresetnad, vinden, regnet og det sterke lyset må opplevast på kroppen og erfaringa ein får slik gløymer ein ikkje.

Målet med studiet er å øve visuelle uttrykk og å gje personleg erfaring.

Sosial kommunikasjon er avhengig av personlege uttrykk.

Personleg erfaring er lærdom for livet.

BAS byrja å ta opp studentar i 1986 etter eit vedtak i Bergen Arkitektforening. BAS er drive av ein stiftelse og er underlagt lov om private høgskolar.

Avsluttande eksamen frå skulen gjev rett til tittelen sivilarkitekt og studentane er førehandsgodkjende som medlemmar av NAL (MNAL)

Studentane har rett til lån i Lånekassen. Høgskulen er eit fagleg og pedagogisk alternativ til dei andre skulane.

Ein fagdidaktisk filosofi er utvikla, og kombinasjonen mellom den praktiske øvingssituasjonen, ei fri kunstnerisk tilnærming og dei teoretiske faga er meint å utvikla arkitektur som ser arkitekturarbeide som ein del av vår tids kultur og som kan gje form til vår tids samfunn.

OPPTAK VED BAS - ynskjeleg erfaringsbakgrunn til søkjar

Skulen er interessert i at studentane har ein del spesielle erfaringar:

- Praktiske erfaringer frå byggeindustrien: at du har arbeidd på ein byggjeplass der du har gjort nytte av eit handverksfag eller henta anna erfaring, som t.d frå båtbygging, verft. Det bør vere minst 6 mnd. lengde på dette.
- Opplevingar frå andre land eller kulturar på ein djupare måte enn feriereiser. Kontakten må vere av ein slik art at ein forstår ein annan kultur sin karakter og kvalitet.
- Brei samfunns erfaring; helst gjennom arbeid eller praksis av seriøs art, t.d at ein har vore i ein heiltidsjobb i seks månader.
- Har utøva eller i det minste har god innsikt i kunstens verden: frå musikk, dans, bildande kunst eller litteratur, berre for å nemne dei mest vanlege. Dette må representere ein skikkeleg innsats, ikkje berre hobbyverksemd no og då.
- Det som er avgjerande er din motivasjon! Du må overtyde opptakskomiteen om at du verkeleg vil bli arkitekt, og at det er eit bevisst val å studere på BAS.
- Det er ein fordel om du kan ta med portofolio til intervjuet, med teikningar og skisser av ting du har laga.

Oppbygging av studiet for Master i arkitektur ved BAS

Studiet er 5 år og er organisert i to avdelingar, 3 år + 2 år, som er sjølvne grunnstudiet. I tillegg vil ein gje høve til å ta ein 3. avdeling for vidaregåande studium i 2 år, og som fører fram til ein grad tilsvarande andre universitetsgradar på det nivået, sjå kap. VI.

Grunnstudiet har to hovudeksamenar:

Ein etter første avdeling og den andre hovudeksamen, etter 5 år, i form av eit avsluttande og kvalifiserande hovudarbeid.

Fagleg sett er studiet delt opp i 4 faglege hovudområde som føreset integrering.

- 1.0. Arkitektur - prosjektering og planlegging (APP)
- 2.0. Teknologi - teknikk og administrasjon (TTA)
- 3.0. «Den andre verden» - eit fagområdet for særskild og fri utvikling av skapande evner og personlege uttrykk (DAV)
- 4.0. Kompletterande teoretiske fag (KTF)

Arkitektur, planlegging og prosjektering er det mest omfattande fagområdet i studiet.

I I. avdeling er kursa i dette faget, saman med kursa i fagområda teknologi og teknikk og «den andre verden» obligatoriske. Faga ved UiB er delvis obligatoriske og delvis valfrie. Desse vert integrerte og kompletterte med andre teoretiske fag på BAS.

I II. avdeling må studenten gjera val mellom kurs innan fagområdet APP, medan TTA og «den andre verden»-kurs vert lagde opp i høve til APP-kursa.

Universitetsfag vert undervist og teke eksamen i ved UiB. Faga er utvalde i høve til planleggings- og arkitektarbeidet. Utvalet er i samsvar med den erkjenninga som dei siste par tiåra har gitt oss. Dette gjeld særleg i høvet mellom person og samfunn, i det å planleggja og byggja for mange menneske, og unngå å øydeleggja det fysiske og økologiske miljøer.

Det er lagt opp til ulike undervisnings- og studieformer:

Feltarbeid og -øvingar
Litteraturstudier
Formøvingar
Prosjektering
med innleiande og indirekte innføringsoppgåver.

Arbeidet vert utført delvis i grupper, delvis individuelt.

Utanom vanleg semesterstudium held vi sommarkurs som er frivillige, som også er opne for andre enn studentar ved BAS.

OM BAS-ALTERNATIVET:

"Both the curriculum and the student work that I have seen at Bergen School of Architecture points towards an anthropological and ecological architecture, which is the most important direction that I think architecture should take advance in the current phase of western culture. A culture threatened by false techno-economic rationalism, consumerist materialism, shallow internationalism, and detachment of architecture and life at large from their mytho-poetic essence."

*Juhani Pallasmaa, Finland
Professor i arkitektur
Rektor Fakultetet for arkitektur, Helsinki Polytekniske Univ. (1993)*